



Alver Kommune v/ Landbruksavdelinga
Laila Bjørge
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4760 - 22/75487

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
05.10.2022

Oversender søknad om dispensasjon frå pbl § 1-8 til uttale - gbnr 106/100 Fanebust


Tiltak: Tilbygg og påbygg til fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 106/100
Tiltakshavar: Ole Jarle Malkenes
Ansvarleg sækjar: Arkitekt Mette Kyed Thorson

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg og heving av tak på eksisterande fritidsbustad på gbnr 106/100. Tilbygget har ein storleik på 16 m² og skal plasserast mot vest. I tillegg skal taket hevast slik at høgda frå golv til overkant vindauga/dører vert 2,1 meter og innvendig himlingshøgde vert 2,4 meter. Takvinkelen vert endra frå 27 til 32 grader. Mønehøgda vert endra frå 8,04 meter til 8,67 meter. Minste avstand frå sjø er uendra som følgje av tiltaket.

Ansvarleg sækjar opplyser i revidert søknad mottatt 29.09.2022 at det ikkje skal etablerast mellombels anleggsveg inn i området slik først opplyst. Overskotsmassar frå sprengingsarbeid som er nødvendig for å få plass til tilbygget er planlagt deponert på gbnr 106/7 slik situasjonsplanen viser. Transport av material elles vil skje for hand på etablert sti fram til eigedomen.

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknadar.

Situasjonsplan og plankart



Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindås 2019 – 2031 sin arealdel er definert som LNF-føremål. Eigedomen har status «bygd eigedom med status som LNF-spreidd», jf. føresegn 3.4.7 og 3.4.4.

Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med plan, men krev dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8.

VURDERING

Søknaden om tilbygg og påbygg til eksisterande fritidsbustad vert send på høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 19-1.

Søknaden er ikkje tilstrekkeleg opplyst med omsyn til vist deponering av massar på situasjonsplanen, og kommunen tek ikkje stilling til dette tiltaket. Storleiken på massane er ikkje opplyst og det er heller ikkje send inn terrengprofil, eller søkt om dispensasjon for plasseringa. Kommunen er av den oppfatning av overskotsmassar må fraktast ut av området til godkjend deponi.

Veg, vatn og avløp

Tilkomst vert uendra. Eigedomen har gangrett på sti frå den Trondhjemske postveg over gbnr 106/11 og 106/7 og fram til eigedomen.

Det er opplyst i søknaden at fritidsbustaden ikkje har innlagt vatn, men at takvatn vert samla opp og drikkevatn vert tatt med. Det vert nytta forbrenningstoalett. Eksisterande løysing vert vidareført i nytt bad i tilbygg.

Jordlov

Landbruksavdelinga må vurdere om det er nødvendig med løyve etter jordlova.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

- A Søknad om tillatelse til tiltak
- A1 Opplysning om tiltakets ytre rammer
- D1 A1-100 Situasjonsskart, rev 1.9.2022
- F1 Endring av søknadstype, tilbygg til gbnr 106-100 Fanebust
- 9 Tegning Eksisterende Fasade A0-330 Fasader sør og vest, eksisterende
- 10 Tegning Eksisterende Fasade A0-331 Fasader nord og øst, eksisterende
- 11 Tegning Eksisterende Plan A0-301 Plan, eksisterende
- 12 Tegning Eksisterende Snitt A0-310 Tverrsnitt, eksisterende
- 13 Tegning Ny Fasade A1-330 Fasader sør og vest
- 14 Tegning Ny Fasade A1-331 Fasader nord og øst

Vedlegg:

15 Tegning Ny Plan A1-300 Kjellerplan
16 Tegning Ny Plan A1-301 Hovedplan
17 Tegning Nytt Snitt A1-310 Snitt i gang og sov
18 Tegning Nytt Snitt A1-311 Snitt i bad og kjøkken
19 Tegning Nytt Snitt A1-312 Langsnitt i stue og kjøkken
Kart gbnr 106-100

Kopi til:

Mette Kyed Thorson
Ole Jarle Malkenes

Kirsten Flagstads Vei 20

5146

FYLLINGSDALEN

Mottakarar:

Alver Kommune v/ Landbruksavdelinga
Statsforvaltaren I Vestland
Vestland Fylkeskommune

Postboks 4

Njøsavegen 2

Postboks 7900

5906

6863

5020

FREKHAUG

Leikanger

Bergen